

Får dele frå 400 kvadratmeter

23.09.2010

Rådmannen går inn for at forvaltningskomiteen gjev Jarleiv Eikeland i Uskedalen løyve til å dele frå ein parsell på omlag 400 kvadratmeter frå ein eigedom som tilleggsareal til ein annan.

Heimelshavar er Berit Johanna og Jakob Rongve på Voss.

Parsellen vert allereie nytta av kjøparen. Den er avsett til LNF.område i kommunedelplanen.

Eigedommen som ynskjer tillegg er i utgangspunktet på ca. 1,5 dekar

Tilleggsarealet er lite og av liten verdi for seljaren.